

---

**Fra:** Anne Eide <fmhoacf@fylkesmannen.no> på vegne av Fylkesmannen i Hordaland <fmho@cim-products.no>  
**Sendt:** 16. oktober 2018 12:26  
**Til:** ME-Beredskap  
**Emne:** Rapportering frå kommunar som har blitt råka av flaumen

Til kommunane i Hordaland (v/kommunale beredskapsadresser)

I samband med flaumhendingane den siste tida, ønskjer vi å be kommunane som har blitt råka om å sende oss ein rapport innan **i morgon onsdag 17. oktober kl. 11.00.**

[Naturskadeordninga](#) er ei erstatningsordning som rettar seg mot alle private, og omfattar skader på ting som ikkje er mogleg å forsikre (t.d. idrettsanlegg, landbruksareal og private vegar. Det er den som er ramma sjølv som søker om erstatning. Landbruksdirektoratet forvaltar Naturskadeordninga, og dei har bedt oss skaffe ei førebels oversikt over skadetype- og omfang i fylket, og informere om at dei kan vere tilgjengelege for å delta på t.d. folkemøte dersom aktuelt.

*Vi ber difor om at de i rapporten både gir ei kort oppsummering av korleis kommunen har blitt råka av flaumhendingar, og oppsummerer/skildrar skadetypar og omfang så langt de kjenner til.*

Rapporten kan sendast som delt rapport i DSB-CIM, eller på e-post til: [fmho@cim-products.no](mailto:fmho@cim-products.no).

Venleg helsing

Fylkesmannen i Hordaland v/beredskapsseksjonen